

32 grader i skyggen i Kroatia

27.07.2013

Trass i godt ver også her har uskedelingane som no ferierar i Kroatia det enda varmare, rapporterar Janne Hjelmeland, som har sendt oss dette biletet av alle 49. Ho har lagt ved denne rapporten:

*'Her kjem bilde av alle som reiste til Lumbarda. Her ligg temperaturen på ca. 32 i skyggen.
Dagane går med til bading i krystallklart vatn og kveldane til god mat og hygge for store og små.
Har vore fleire turar til gamlebyen Korcula som er vel verd eit besøk og to. Trange smug og gater med restauranter og butikkar for kvar ein smak'*